

## **Merknader til detaljplan Vikane – Eikangervåg – planID 1263 – 201804.**

Viser til mine merknader til planen v/advokat Christian S. Mathiassen, Harris Advokatfirma AS, datert 13 juli 2018.

Avkøyring frå E39 via SGS03 til min landbruksveg SV3 må dimensjonerast for tømmerbil. Stigning på SV3 må ikkje verta brattare enn i dag. Bruk 3 og bruk 6 har også skog som må takast ut over mitt bruk. Samla skogsareal med gran og furu for bruka 1, 3 og 6 er på ca 350 dekar. Ved nordenden av SV3 ligg det velteplass for ved og tømmer.

SGS03 må førast fram i 4 meter bredde til ca profil 600 på bruk 6. Bruka 1 til 8 har bruksrett av gammal veg fram til landingsplass i Vedvika ved Fyllingsnes tjønna.

I dag er det store problem med å kryssa E39 med husdyr (70 til 100 sauer) som skal til og frå beite. Einaste sikre løysinga er ein undergang som også kan brukast for gåande og syklande som skal kryssa E39 til og frå SGS03. Ein undergang var tatt med i detaljplan for veganlegget frå 1986, og bru over vegen i detaljplan frå 1995. Bru var ein del av avtale om grunnavståing i 1992.

Mellom profil ca 350 og 500 skal det sprengjast vekk fjell for å auka siktelina. Arealet på toppen er dyrka mark og kulturbeite. Matjorda som vert fjerna må planerast nordover på tilstøytane areal.

Busstopp for begge køyreretningar må opparbeidast i nærleiken av krysset mellom E39 og SV4. Sikker kryssing via undergang.

Steinar Fyllingsnes eigar av gardnr 214 bruknr 1